

TELENOR AS

28.10.2014

Klage på mobildekning i Indre Osterfjord

Fastbuande i Heimvik, Padøy, Stokken og Furnes vil med dette klage på mobildekninga i området. Alle bur på stader utan veg og er avhengig av skyssbåt. Padøy ligg i Lindås Kommune, dei andre i Osterøy Kommune.

På kvar plass er det svært dårleg eller ingen mobildekning. I bustadhusa er det ingen dekning. I tillegg har skyssbåten svært dårleg eller ingen dekning i store deler av fjorden i dette området og på heimplassen.

Dette set liv og helse på spel om ein har akutt behov for hjelp og må ha skyssbåt.

I tillegg er fasttelefon linja i dårleg forfatning og krev utskifting både til Heimvik, Stokken og Furnes. Padøy har også ei dårleg løysing for fasttelefon.

Me krev at mobildekninga må betrast snarast og prioriterast før fasttelefon, eventuelt erstatta fasttelefon. Me meiner at ein sendar på Padøy vil kunna løyse dette.

Ein veit at også i nabobygda Kleiveland er det dårleg mobildekning og dei ville også dra nytte av ein sendar på Padøy.

Ein ber om rask handsaming og eit positivt svar.

Med venleg helsing

Tore Heimvik



Eimund Furnes



Johannes Padøy



Kåre Stokken



Fastbuande / fritidsbustader

Heimvik : 3 fastbuande, 4 fritidsbustader

Padøy : 2 fastbuande, 4 fritidsbustader

Stokken : 4 fastbuande

Furnes : 2 fastbuande, 2 fritidsbustader

Kleiveland : 8 fastbuande, 6 fritidsbustader

Kontaktperson : Kåre Stokken, 5284 Tyssebotnen, tlf. 911 79 599

stokken@tysse.no